

Uskedelingar i spesialskreve verk

25.05.2012

Jazzverket klare for den siste øvinga i kveld. Ananda Gopi-
Storegjerde er ikkje med på biletet

For tre veker sidan fekk Jazzverket i oppdrag å komponera eit verk som var i musikalsk harmoni med tidslinja som viser den geologiske utviklinga gjennom 4,6 milliardar år.og som skulle opnast i Steinparken

Laurdag ettermiddag klokka 16 får ein høyra resultatet og to uskedelingar er med og framfører det. Sindre Aksnes spelar perkusjon og pauker og Vegard Døssland trompet.

Dei andre som deltek er Ananda-Gopi Storegjerde med song, Ivar Baste med piano og saxofon, Bjarne Øymyr på piano, Stein Haugen med kontrabass, Torkjell Nerhus med trommer, og Magnhild Berge med kveding.

Verket er på 10 minutter og inneheld i stor grad ukjende tonar men også ein posjon jazz og eit gamalt kvad om fonna som begrov ei bygd. Kvadet slik det er i originalversjon er det no sett musikk til og Magnhild framfører det.

Ivar hadde ideen om kva bestillingsverket skulle innehalda men det er eit typisk samarbeidsprodukt.

Jazzverket kjem etter spesialverket med ein halvtimelang konsert med tradjazz.

Forventningane er store, for mange meiner at denne gruppa kanskje held det høgaste nivået uansett musikkjanger i vår kommune.

Jazzverket skal også spela i Uskedalen om kort tid - under butikkopninga neste fredag.

Av Ola Matti Mathisen



Sindre og Vegard under øvinga i Rosendal i kveld